
Fra: Leif Johnsen <ljholme@online.no>
Sendt: torsdag 28. juni 2018 16.34
Til: Postmottak Lindås; Postmottak Meland; Postmottak Radøy
Emne: Til ordførarane om "Alver samroing" til festgudsteneste i Hamre Kyrkje 5. aug.

Til ordførarane i Lindås, Meland og Radøy.

Samroing med tre ordførarar i same båt til festgudsteneste i Hamre kyrkje 5. aug. 2018?

5. august er det festgudsteneste i Hamre kyrkje og sjøverts skyss er sett opp med tre veteranbåtar frå Bergen.

<https://www.kystsogevekene.no/?AID=17645&ID=27286&K=4879&ACT=kom&index=10>

I dette høvet har den nyetablerte Ro - og Seglgruppa i IL Kvernbit frimod til å lansere følgjande ide til eit sporty sjøverts symbolsk samroingsstunt frå de tre ordførarane i Lindås, Meland og Radøy :

Kva om de tre ordførarane som har ansvar for å spleise saman den nye Alver kommune, kjem roande til festgudstenesta i ein og same båt, ein seksæring eller åttring som var vanleg kyrkjebåt her?

Eventuelt at de samror ut frå Hamre når arrangementet avsluttast med båtavgang? Hamrekyrkja blei jo som kjent i vårt første kristne århundre etablert som hovudkyrkje for Nordhordland, og vil vere eit fint mål for ei symbolsk samroing no når de skal samla tre kommunar til Alver kommune.

De må sjølvsagt kunne reise med ein av veteranbåtane eine vegen.

Om ferie gjer det umogleg for alle tre å delta, må ein varaordførar e.l. kunne vere ein representativ "stuntmann/kvinne" for sin kommune i ei slikt oppdrag. "Tre kommunar" i "ein båt" er det viktigaste i dette høve.

Organiseringa av ei slik samroing må me einast om i samråd me dykk tre.

Rogruppa kan skaffe ein seksæring/åttring til turen, eventuelt også tilby skysskarar om det trengs, og følgjebåt om nødvendig.

Me vil også prøvero strekket og komme med framlegg om startpunkt.

Turen er sjølvsagt avhengig av lageleg ver.

Med rosportsleg helsing,
for Ro- og Seglgruppa i IL Kvernbit,
v/Leif Johnsen.